

# Reparasjon av avløpsledning ved E39

*Del 2: Kontraktsgrunnlag*



# 1 GENERELT

## 1.1 Arbeidets omfang

Utbedring av vegbane og avløpsledning på E39 i Volda som beskrevet i Del 1: Konkurranseskriving.

## 1.2 Organisasjon og entreprisemodell

Arbeidet vil bli organisert som totalentreprise.

## 2 KONTRAKTSBESTEMMINGAR

### 2.1 Alminnelige kontraktsbestemningar

Som alminnelige kontraktsbestemningar for oppdraget leggest til grunn NS 8406 *Forenklet norsk bygge- og anleggskontrakt*.

### 2.2 Spesielle kontraktsbestemningar

For denne kontrakten gjerast følgjande kontraktsbestemningar gjeldande:

#### 2.2.1 Løns- og arbeidsvilkår

Det stillast i kontrakten krav til løns- og arbeidsvilkår etter regel i *Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar*.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-02-08-112>

#### **På område dekkja av allmenngjort tariffavtale:**

Leverandøren og deira underleverandørar pliktar å gje sine tilsette løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn dei løns- og arbeidsvilkåra som følgjer av den allmenngjorde tariffavtala.

#### **På område utan allmenngjort tariffavtale:**

Leverandøren og deira underleverandørar pliktar å gje sine tilsette løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn dei løns- og arbeidsvilkår som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen.

#### **For begge tilfella:**

Oppdragsgjevar kan krevje at leverandøren dokumenterer kva løns- og arbeidsvilkår dei tilsette har. Oppdragsgjevar har rett til innsyn i relevante dokument, og har rett til å føreta andre undersøkingar som gjer det mogleg å gjennomføre naudsynt kontroll med at kravet til løns- og arbeidsvilkår overhaldast.

Med løns- og arbeidsforhold meinast i denne samanheng bestemningar om minste arbeidstid og løn (herunder overtidstillegg, skifttillegg, turnustillegg, ulempetillegg og dekking av utgifter til reise, kost og losji), i den grad slike bestemningar følgjer av tariffavtala.

Leverandøren og deira underleverandørar må på førespurnad opplyse om kva landsomfattande tariffavtale dei legg til grunn ovanfor sine tilsette, samt leggje fram eit eksemplar av denne avtala ved kontroll.

#### 2.2.2 Lærningar

Det gjeld ingen lærlingeklausul for denne kontrakta.

#### 2.2.3 Sikkerheit og forsikring

Byggherre stiller ikkje sikkerheit. Byggherre teiknar ikkje forsikring.

### 3 TEKNISKE RAMMEVILKÅR

Forhold som har betydning for kontraktsgjennomføringa:

Ytre miljø:

**Støy:**

Entreprenør må opptre omsynsfullt mtp. støyande arbeid.

**Støv:**

Entreprenør må opptre omsynsfullt mtp. støvande arbeid.

**Arbeidstidsavgrensingar:**

Fortrinnsvis 07:00-17:00 (behov for nattarbeid avtalast nærare).

**Vibrasjonar:**

Det settast opp instrument for vibrasjonsmålingar ved sprenging/andre typar vibrasjonsskapande arbeid.

**Forureining:**

Forureina masser i grunnen skal gravast opp og leverast til godkjent mottak.

**Avfallshandtering:**

Entreprenør er ansvarleg for at avfall fjernast på lovleg måte.

**Kulturminne:**

Der er ikkje registrerte kulturminne i det aktuelle området.

Andre rammevilkår:

**Naboforhold:**

Anleggsområdet ligg på/ved E39 og Gamlevegen. Næraste bygg er Sanitetshuset ca 40 meter vest og bustadhus ca 60 meter nord for området. Entreprenør må opptre omsynsfullt slik at naboar ikkje blir unødig hefta eller sjenert i byggefasen.

**Riggplan:**

Entreprenør må sjølv sørge for all rigging på anlegget. Eksempel er naudsynte provisoriske transportveggar, føring av vatn, avløpshandtering, elektrisitet, datalinjer samt oppsetting av alle personellbrakker, WC, lagerbrakker og anna i naudsynt utstrekking. Riggplass skal godkjennast av byggherre. Alle fasilitetar skal tilfredsstillе Arbeidstilsynets krav. Entreprenør må opptre omsynsfullt slik at øvrige konstruksjonar ikkje påførast skader. Eventuelle skader må entreprenør utbetre umiddelbart utan kostnadar for byggherre. Alle kostnadar reknast inn i kapittel for rigg og drift.

**Tilkomst:**

Anlegg har tilkomst frå offentleg veg.

**Trafikkavvikling:**

Avgrensing og avstenging av veg skal skje i samsvar med vegeigar.

**Grunnforhold:**

Grunnforholda på staden er varierende og usikre. Rundt kum er det i hovudsak matjord, men leidninga mot sentrum kan sjå ut til å gå gjennom betong der den kryssar elva. Vegkropp er estimert å bestå i hovudsak av grus og knust stein.

**Eksisterande VA-anlegg:**

Det er ikkje informasjon om anna VA-anlegg i området enn spillvassleidninga som skal utbetrast. All frå- eller tilkopling til VA-anlegga skal skje i samarbeid med Volda kommune.

**Eksisterande kabelanlegg:**

Det står lyktestolpe plassert nokre meter vest for anleggsområdet, men denne har leidningar i luftspenn og kjem truleg ikkje i konflikt med arbeidet. Entreprenør må sjølv syte for naudsynt kabelpåvising.

## 4 TEKNISKE KRAV

### 4.1 Teknisk beskriving

VA-anlegg skal byggjast etter gjeldande VA-norm for Volda kommune, med mindre anna er avtala med byggherre.

Veg skal byggjast etter Statens vegvesen sine handbøker N100 og N200, med mindre anna er avtala med byggherre.

### 4.2 Teikningar og modellar

Relevante teikningar og kart er vedlagt. Sjå vedlegg 1.

## 5 KRAV TIL BYGGEPROSESSEN

### 5.1 Administrative rutinar

#### Byggemøte og andre møter

Då arbeidet er venta ferdigstilt på kort tid leggast det ikkje opp til faste byggemøter i arbeidsperioden. Møte vert halde etter behov.

#### Faktureringsrutinar

I samsvar med NS 8406.

#### Rapporteringsrutinar

Arbeidet er venta å ferdigstillast innan ei veke frå oppstart, så der er ingen særskilte krav til rapportering.

### 5.2 Kvalitetssikring

#### Krav til kvalitetssikring

Kvalitetskontroll skal vere i samsvar med føretakets kvalitetssikringssystem. Dokumentasjon på utført kvalitetssikring, sjekklister og liknande skal framleggjast ved førespurnad.

#### Krav til kvalitetsplan

Entreprenør skal ha eit godt og velfungerande kvalitetssikringssystem. Det skal før oppstart utarbeidast ein kvalitetsplan som minst inneheld:

- Organisasjonsplan med ansvar og oppgåvefordeling
- Framdrifts- og bemanningsplanar
- Kontroll på sjekklister
- Avvikshandtering

### 5.3 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)

Entreprenør skal før arbeidet startar fylle ut risikoanalyse for sitt arbeid, og slik bidra til oppdatering av planen. Entreprenør sine kostnader for ivaretaking av SHA/HMS skal inngå i postar for rigg og drift.

## 6 FRISTAR OG DAGMULKTER

### 6.1 Fristar

Det leggest opp til følgjande framdrift:

Oppstart kontraktsarbeid: Snarast etter kontraktsinngåing

Ferdigstilling/overlevering: Innan ei veke etter oppstart

### 6.2 Dagmulktar

I samsvar med NS 8406

### 6.3 Framdriftsplanlegging

Krav til entreprenør si framdriftsplanlegging:

Entreprenør skal utarbeide detaljert framdriftsplan for sine arbeid i samband med kontraheringa.

## 7 VEDERLAGET

### 7.1 Prissamanstilling

I samsvar med Del 1: Konkurranseskiljinga skal det leverast utfylt prisskjema.

Det presiserast at prisar for time-/rekningsarbeid brukast ved evaluering av tilbodet, men inngår ikkje i kontraktssum.

### 7.2 Prisregulering

Prisane i kontrakten er faste. Kontrakten er ikkje gjenstand for prisregulering.